

Ryfylkealliansen

Statuttar for «Pilt-Ola prisen»

Pilt-Ola prisen blei stifta av Ryfylkealliansen under Arena Ryfylke 10. november 2016. Statuttar blei vedtatt av styret i Ryfylkealliansen 12.06.2017.

Ryfylkealliansen er ein medlemsorganisasjon som formelt er ei satsing knytta til Ryfylke IKS. På den måten er Ryfylkealliansen forankra i det formaliserte interkommunale samarbeidet i Ryfylke

Ole Olsen Sangesand (1779-1858) var husmannsson, kom frå Lysefjorden og blei viktig i bygginga av nasjonen Norge etter 1814. Heile livet arbeidde han med eitt mål for auga: **Skaffa folk betre levekår og nok mat!** Ideane hans var både nyskapande og dristige, og saman med ein utradisjonell livsstil, skapte Ole O. Sangesand seg eit namn som blei kjent over heile landet. "Pilt-Ola" var det folk oftast kalla han, og det tilnamnet levde han godt med.

§ 1

Pilt-Ola-prisen er ein pris i Pilt-Ola si ånd, der ein set fokus på verdiar, visjonar og strategiar Ole Olsen Sangesand blei kjend for. Ryfylkealliansen kan dela ut prisen årleg, gjerne under arrangementet «Arena Ryfylke».

§ 2

Prisen skal gå til enkeltpersonar som har bidratt til positiv utvikling i og for Ryfylke, som har sett spor etter seg ved å tenkja nytt, ved å våga å ta risiko, som har lukkast og som har ei god forteljing i Pilt-Ola si ånd. Like mykje som tiltak innan næring og økonomisk verdiskaping, kan det leggest vekt på samfunnsmessige og (andre) allmenne tiltak.

I vurderinga av kandidatar kan det leggest vekt på:

- At kandidaten sitt virke og hans/hennar forteljing liknar på dei verdiar, visjonar eller strategiar Pilt-Ola sjølv representerte. Vinnaren blir heidra for å bera vidare ein arv frå Pilt-Ola.
- At kandidaten ikkje har gitt opp trass i motbakkar
- At kandidaten kan inspirera til fornyande og framtidsette innsats i og for Ryfylke
- At kandidaten sitt prosjekt eller forteljing har eit universelt perspektiv
- At tildelinga gir god marknadseffekt for Ryfylke.

Forståinga av Ryfylke skal vere vid.

§ 3

Innan ein frist fastsett av styret i Ryfylkealliansen kan medlemmene i Ryfylkealliansen føreslå kandidatar. Kandidaten treng ikkje vera medlem av Ryfylkealliansen. Forslag må vera grunngitt ut frå kriteria i § 2.

Styret i Ryfylkealliansen kan óg føreslå kandidatar.

§ 4

Ein jury på 3-5 personar, utpeika av styret i Ryfylkealliansen for to år om gongen, bestemmer kven som får prisen. Jurymedlemmene skal kjenna til historia om Pilt-Ola og ha god kjennskap til nærings- og samfunnsliv i Ryfylke. Ikkje meir enn ein av jurymedlemmene kan vera styremedlem i Ryfylkealliansen, og han/ho kan ikkje vera juryleiar.

§ 5

Prisen skal ha høg kvalitet, som til dømes eitt av Svein Magnus Håvarstein sine arbeid knytt til Pilt-Ola.

§ 6

Styret i Ryfylkealliansen forvaltar desse statuttane og vedtar også endringar. Endringane må vera i tråd med Pilt-Ola si ånd, ref. § 1. § 1 kan ikkje endrast.

Ved ei eventuell framtidig endring av det formelt organiserte interkommunale samarbeidet i Ryfylke, har Ryfylke IKS eit særskilt ansvar for at Pilt-Ola prisen får ei god ryfylkeforankring.